

Dato: 15.05.2019  
Vår ref.: B56760

**Vindafjord kommune**  
[postmottak@vindafjord.kommune.no](mailto:postmottak@vindafjord.kommune.no)

## Tinging av oppstartsmøte, Vindafjord kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil Omega Areal as på vegne av Lundeneset VGS AS med dette be om oppstartsmøte for ny reguleringsplan for Lundeneset i Vindafjord kommune.

Gards- og bruksnummer	309/9 m.fl.
Forslagsstillar	Lundeneset VGS AS v/G. Fosse
Grunneigar(ar)	Lundeneset VGS AS/ Norsk Lutherisk Misjonssamband
Fagkyndig (firma og person)	Omega Areal as, v/ Elisabeth Silde
E-post kontaktperson	elisabeths@omega.no

### Skildring av planinitiativet:

jf. Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering, §1. – Krav til planinitiativet

a) Føremålet med planen	Det er ønske om å regulere området til offentleg og privat tenesteyting med tilhøyrande infrastruktur, fellesområder/leik og sjøanlegg. Lundeneset Vgs ønsker å utvide bu- og undervisningstilbodet for elevar og tilsette.
b) Planområdet, og vil planarbeidet få verknadar utanfor planområdet	Planområdet omfattar området som er sett av til offentleg og privat tenesteyting i arealdelen til kommuneplanen. Innanfor planområdet ligg skulen sine anlegg på Lundeneset, Lundanesvegen og nokon teigar og bygningar tidlegare tilhøyrande gardsbruket som nå er blitt ein del av Lundeneset sin eigedom(310/18).  Det er lagt ved ei fullstendig liste over eigedommar i planområdet, og ei innleiande utsjekk av aktuelle kartbasar.

	<p>Området er ikkje regulert, men er sett av til offentleg og privat tenesteyting i arealdelen til Vindafjord kommune sin kommuneplan.</p> <p>Siden skolen er godt etablert og området i stor grad er utbygd er det ikkje vurdert at planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet.</p> <p>Forslag til planområde er vist i vedlegg 05 Planavgrensing.</p>
c) Planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak	<p>Lundeneset Vgs er ein internatskule som tilbyr bustad både for tilsette og elevar. Bustadane som skal byggjast er soleis meint til å huse elevar og tilsette.</p> <p>Det er ynskje om å kunne utvide skulen sin kapasitet framover og oppgradere noko av bygningsmassen, det trengs då areal til både bustader, hybler og undervisningsrom.</p> <p>Skulen har i dag 192 elevar, men konsesjonen skulen har er til 298 elevar. Det er difor høve til vesentleg utviding av tilbodet innafor gitt konsesjon.</p>
d) Utbyggingsvolum og byggehøgder	Bustadane er førebels tenkt med variabel storleik, og gjerne mindre leilighetsbygg. Det vil også vere trong for fleire nye hybler. Desse er tenkt kan først opp i fleire etasjar. Nye undervisningsbygg vil kunne byggjast i fleire etasjar, slik det også er for desse frå før. Det kan også vere aktuelt i framtida med idrettshall i tilknyting til skulen.
e) Funksjonell og miljømessig kvalitet	<p>Anlegga treng oppgradering og vedlikehald, og med omsyn til å oppretthalde dagleg drift er det derfor vurdert behov for nye bygningar. Om skulen skal klare å oppretthalde drifta, så er dei avhengige av å kunne bygge nye hybler før dei startar renovering av eksisterande.</p> <p>Planen vil gi skulen moglegheit til å gjere naudsynt renovering på anlegga over tid utan at det forstyrrar undervisninga nemneverdig.</p>
f) Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar	<p>Området er delvis utbygd med skulen sine anlegg, som først blei etablert på 1960-talet. Området heller mot sør, aust og vest, med eit høgdedrag imellom. Nye bygningar vil tilpassast terrenget, og det er planar om å gjere strandsona meir tilgjengeleg med gangforbindelsar mot sjø.</p> <p>Dei nye bustadane vil bli forsøkt plassert aust i planområdet, på nordaustsida av toppen av Lundaneset, plassert bort frå aktiviteten på Westcon med støy, vest for planområdet.</p>
g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar, retningsliner og pågående planarbeid	Planarbeidet er i samsvar med arealdelen i kommuneplan for Vindafjord. Det er ein tidlegare påbegynt planprosess for området med same hovudmål, men denne blei ikkje gjennomført og prosessen som blir starta opp no vil erstatta denne.

	<p>Retningslinjer for byggjeområde generelt:</p> <p>a) Ved alle reguleringsplanar som gjeld større område for tenesteyting, bør det setjast av areal til eit eventuelt framtidig bioanlegg, samt lager til dette. I tillegg bør det vurderast om det skal gjevast reguleringsføresegn om at det skal leggast klar rør for varmeoverføring.</p> <p>Elles er det ikkje gitt føresegner for byggeområder for offentleg eller privat tenesteyting i kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Konsekvensutgreiinga til kommuneplanens arealdel omtalar innlemminga av gnr./bnr. 309/44. Arealet er teke inn i kommuneplanen sin arealdel som offentleg eller privat tenesteyting, men kan ikkje nyttast til bygningar og anlegg for støyfølsam bruk.</p>
h) Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet	Planarbeidet omfattar noko areal med fulldyrka mark. Desse areaala er gunstige for ny busetting med omsyn til støyproblematikken mot Westcon.
i) Korleis ivareta samfunns-sikkerheit, blant anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit	Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det er spesielle utfordringar når det gjeld risiko og sårbarheit utover dagens situasjon med støy frå Westcon AS. Det skal utarbeidast ROS-analyse i samband med planarbeidet, og støy vil vere eit viktig tema.
j) Offentlege organ og andre interesserte skal varslast om planoppstart	Sjå forslag til varslingsliste nedanunder. Vi ynskjer innspeil frå kommunen dersom det er andre offentlege instansar som må varslast.
k) Prosess for samarbeid og medverking frå myndigheter, grunneigarar, festarar, naboar og andre.	Lundeneset Vgs er tiltakshavar, og vil vere aktivt involvert i prosessen. Vi vil elles informere naboar og andre berørte med varslingsbrev, og kunngjøre oppstart av planarbeidet i minst ei avis og på nettsida til Omega Areal og Vindafjord kommune.
l) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing. Korleis er i tilfelle krava ivaretakne?	Planarbeidet er ikkje vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiingar. Det er lagt ved ei eiga vurdering etter forskrifta.  Vi ynskjer å få ei avklaring på om kommunen er samd i vår vurdering kring dette i oppstartsmøtet.

Med venleg helsing

Omega Areal as  
v/ Elisabeth Silde

## Varslingsliste – offentlege

Fiskeridirektoratet - Region sør, boks 185 Sentrum, 5804 Bergen  
Fiskarlaget Vest, Slottsgaten 3, 5003 Bergen  
Fylkesmannen i Rogaland, boks 59, 4001 Stavanger  
Kystverket vest, plan- og forvaltningsavd., Postboks 1502, 6025 Ålesund  
Rogaland fylkeskommune, Pb130, Sentrum, 4001 STAVANGER  
Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger  
Mattilsynet, DK Haugalandet, Boks 383, 2381 BRUMUNDDAL  
Stavanger Maritime Museum, Muségt. 16, 4010 Stavanger – [post@museumstavanger.no](mailto:post@museumstavanger.no)  
Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Haugaland Kraft AS, Pb 2015, 5504 Haugesund  
Telenor Kabelnett – [kabelnett@telenor.com](mailto:kabelnett@telenor.com)  
Haugalandet interkomm. miljøverk (HIM), Haraldseidvågen 288, 5574 Skjold  
Friluftsrådet Vest, Boks 63, 5575 Aksdal  
Kolumbus – Rogaland Kollektivtrafikk FKF, Pb 270 Sentrum, 4002 Stavanger  
Vågen grenaudval